

Irske låtar i Dønhaugkjedlaren

19.11.2009

Fredag bør dei som likar irsk musikk ta ein tur i Dønhaugkjedlaren, for då kjem The Foggy Few dit (biletet).

Men gruppa vil også presentera eigenkomponert musikk. Dei er svært allsidige og trakterer både banjo, mandolin, fløyter, feler og gitarar.

Dei fem opererer innan same musikalske farvatn som mellom anna 'The Pogues' og 'The Waterboys' - det vil seia at dei byr på ein blanding av irsk folkrock og gladpop.

Sidan starten for seks år sidan har dei turnert Noreg på kryss og tvers og fått mange lovord. Dagbladet har skrive at gruppa spelar festmusikk som svingar og Bergens Tidende meiner at dei går mange andre folkrockgruppar ein høg gang.